



Den store stjerna på løveveggen på Rød.

Trygve Hoff skreiv i 1987 teksten Den store stjerna som steig i aust. Svein Gundersen sette tone til. Teksten vart ein salme og kom med i Salmeboka. Vil du sjå den store stjerna, må du ta turen til Siv Framnes og Atle Thoresen på Rød. Stjerna er montert på løveveggen, tett ved Bygdetunet Rød.

Stjerna er laga i tre av fjøler montert på løveveggen. Målet frå ytterkant til ytterkant er 4 meter. Ljos gjer at stjerna er godt synleg, særleg dersom du kjem over Syne i retning mot Rosendal.

Saman med borna har Siv og Atle også laga lysdekorasjonar skore ut i paller. Ein rattkjelke er montert i tunet med julepakkar. Elles har familien lagt opp til aktivitetar ute og inne med ulike gjermål i adventstida. Dei har mellom anna laga sylte, tomatsild, brende mandlar og pepperkakehus.



Juletefigurar vert skorne ut i paller. Ljos bak skaper ein fin stemning.

Målet er samling om kreative prosjekt som skaper undring og at ein har noko å gle seg over og sjå fram mot.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Siv Framnes



Ein rattkjelke med julepakkar pyntar opp i tunet.